

Olje- og energidepartementet  
Einar Gerhardsens plass 1  
Postboks 8148 Dep, 0033 Oslo

**Hardanger- rapportene**  
**FRÅSEGN TIL UTVALG 4**

Som grunneigar av Syse gnr.51. bnr.13 og medlem i Lekve og Syse Grunneigarlag, samt ut frå min faglege bakgrunn har eg desse merknadene til utval 4.

s. 31 Om indre bygder på vestlandet:

*Til tross for storslagent naturlandskap er det likevel kulturpåvirkningen som vekker internasjonal oppmerksomhet, først og fremst fordi de er bosatt. At det i tillegg finnes svært særegne kulturmiljøer som hver for seg eksplisitt utnytter regionens høydeforskjeller, for eksempel strandsteder, industristeder, fruktbygder, hylllegårder, heimestøler og fjellstøler, gjør at det er som menneskeskapte kulturlandskaper regionens virkelige verdi ligger.*

**Merknad:**

Det som her blir sagt om at det er kulturpåverknaden som vekker internasjonal merksemd, at det faktisk er busetnad her, gjer at det er som menneskeskapte kulturlandskap at regionen sin verkelege verdi er å finna. Dette er ein vesentleg innfallsvinkel til min uttale.

s.32 Om konsesjonsgitt trase:

*Vurdert å ha middels negativ konsekvens for landskapsbildet og vurdert til å ha stor til middels negativ konsekvens for friluftslivet.*

**Merknad:**

Den valde traseen frå Hiaskór forbi Jonstøl og Espeskór vil få dramatiske konsekvensar i det tronge dalføret og vil koma i stor konflikt med automatisk freda og andre kulturminne.

*s.33. Mens landskapet langs sidearmene har karakter av å være et regionalt fellesgode for de som bor og ferdes i området, kan hovedarmen til Hardangerfjorden ha preg av å være et nasjonalt symbol og derfor et fellesgode for hele befolkningen.*

**Merknad:**

Kva meinast med hovudarm? Er det snakk om Samlafjorden eller Sørfjorden? Etter mitt syn blir det feil å dela Hardangerfjorden opp på denne måten. Det er eitt fjordsystem som består av mange fjordarmer. Det blir feil å setja dei opp mot kvarandre i høve til om dei er eit regionalt eller nasjonalt fellesgode.

*s.34 Vil ha en betydelig negativ landskapsestetisk effekt og peikar på at det mest miljøvenlege alternativet vil vera sjøkabel.*

**Merknad:**

I Fylkeskonservatoren i Hordaland si fråsegn i samband med trase for kraftlinja frå Sima – Samnanger dt.24.februar 2009 blir det peika på:

*NVE har ved ikkje å ta omsyn til dei faglege råda frå sektormynde innan kulturminnevernet, flytta problema fram til etter at konsesjon er gitt.*

*Traseen vil koma i konflikt med automatisk freda og nyare tid sine kulturminne på **Jonstøl og Espeskórsflædna**. Dei ser at graden av konflikt er så stor at ei linje gjennom kulturminneområdet vil vera i strid med lova. Dei ber om at Statnett må sjå på ei heilskapleg løysing der linja vert flytta og at tiltakshavar må prosjektera eit alternativ.*

Dei har peika ut 5 område med stor grad av konflikt og Jonstøl-Espeskórane er eitt av desse områda. *Større samanhengande kulturminneområde der det er representert kulturminne frå ulike tidsperiodar i forhistoria som igjen viser at dei einskilde områda har stor tidsdjupne. Det er slike samanhengar som er viktige å ta vare på som representerar viktige nasjonale verdjar.*

Det kan vera på sin plass å gå litt meir i detalj i høve til oldtidsminna i dette området. Det vil vonleg gje ein meir heilskapeleg forståing av kulturminna.

**Hallstatt-sverdet.** På Sæberg like nedanfor Espeskór vart det på 1800-talet funne eit bronsesverd av typen Hallstatt frå yngre bronsealder og som er i samlingane til Bergen Museum. Arkeologiske funn av gjenstandar frå Hallstatt- kulturen er svært sjeldan i Norden. I alt finns det ei eksklusiv samling av 9 gjenstandar og sverdet frå Ulvik er soleis unikt i norsk samanheng. Det er av typen Mindelheim som er dei største sverda som vart laga av bronse og jarn (90 cm lengd) (Engedal, Ørjan 2010. The Bronze Age of Northwestern Scandinavia.)

Sverdet er ei stadfesting på at det var kontakt mellom Sentral-Europa og Hardangerfjorden i bronsealderen.

Vi veit at organisert saltutvinning og distribusjon gjekk føre seg alt så tidleg som i yngre bronsealder (ca. 800 f. Kr.) Det er gjort rike funn frå denne tida ved byen Hallstatt i Austerrike. Den rike kulturen som blomstra opp her hadde sin bakgrunn i den storstila gruve verksemda i Salzkammergut. Her var det enorme førekomstar av bergsalt.

Denne perioden frå sein bronsealder til tidleg jernalder har i ettertid fått namn etter dette, Hallstatt- kulturen. Auka tilgang på salt frå Hallstatt var også ein avgjerande faktor for at fleire menneske kunne bu samla i byliknande samfunn. Kjøtt og fisk kunne no lagrast i større mengder. Bronsegjenstandar kom hit anten som gåver frå mektige høvdingar, eller dei vart bytt mot skinn, pelsverk eller levande hodyr.

Hallstatt fekk i 1996 status som verdskulturarvområde av UNESCO som:  
"Weltkultur- und Naturerbe der UNESCO Hallstatt/Dachstein/Salzkammergut".

**Skålgropsteiner.** På Espeskórsflædna attmed vegen finns denne helleristninga i ein steinblokk. Det er registrert fleire slike lokalitetar i Ulvik, og nokre like utafor dette området. Den vanlege oppfatninga er at skålgropene truleg er i bruk frå bronsealderen (1800-500 f.Kr). Skålgropsteiner er vanlegvis tolka som kultstader knytt til beiting eller stølsdrift.

**Borgarhaug.** Haugen ligg like ved Jonstøl. Ut frå namnet er det mykje som talar for at dette kan vera ei bygdeborg, eit forsvarsverk eller ein kultstad frå førhistorisk tid. I Noreg er det registrert ca. 400 slike borgarhaugar.

**Allmenningsvegen/Gamle Finsevegen.** Går forbi Jonstøl og vidare innover i fjellet og var brukt som buføringsveg når dei skulle reisa til stølane på Finse. Ei reise som tok 2 dagar og som er omtala av Olav H. Hauge i artikkelen "Fjellet kring Uppsete, Hallingskeid og Finse i eldre tid" i DNT si årbok 1950. Dette er ei ferdsleåre langt tilbake i tid og ein del av vegnettet i høg fjellet. Det kan sjåast i samanheng med funna på Sumtangen på Finse med funn frå steinalder, bronsealder og mellomalder.

**Gravrøyser.** På Tunheim er det gravrøyser frå bronsealderen med vidt utsyn over fjorden. Sjølv om dei ligg lengre nede på ein terrasse overfor bygda, må dei sjåast i samanheng med dei andre lokalitetane i og med at dei er nær knytt til busetnaden i bronsealderen.

Utan å gå for mykje i detalj, er det fleire **stadnamn** i området som vitnar om at dette er eit område med ei spesiell historie. Dette området er det mest solrike i bygda og fleire stadnamn i området vitnar om det som Solsæ, Solhovden, Ljono og Onen. Også pollenbotaniske undersøkingar stadfestar at her har vore busetnad i denne tidsperioden.

Det finns få spor etter jordbruksbusetnad frå bronsealderen. Landa i Forsand kommune er eit unntak i så måte, der ein har avdekkja busetnad og rekonstruert ein landsby.

Eg meiner at denne utbygginga vil vera i strid med Naturmangfoldloven (NOU 2004:28 Lov om bevaring av natur, landskap og biologisk mangfold). Lova skal bidra til å nå det norske nasjonale målet om å stansa tap av biologisk mangfald og til å ta vare på mangfaldet på sikt. Lova inneheld viktige miljørettslege prinsipp som føre-var-prinsippet, prinsippet om samla belastning, prinsippet om at miljøpåverkaren skal betala og prinsippet om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Det vil vera eit stort paradoks at denne lova vert oversett på samtlege punkt. Kapt. 5 i NOU 2004:28 vert innleia med Olav H. Hauge sitt dikt "Fjellblokka kallar dei meg". Det understrekar det nasjonale nivået, samt at det blir eit paradoks når vi veit kor Hauge kjem frå.

Eg vil også hevda at utbygginga heller ikkje tek omsyn til EU sitt Habitat direktiv som er eit minimumskrav og som gjeld for natur og kulturlandskap som er mest truga i europeisk perspektiv (Norske lyngheier langs kysten er med på denne lista).

Lekve og Syse Grunneigarlag har sidan tidleg på 1990-talet vore oppteken av å ta vare på viktige element i stølslandskapet som stølshus, stiar og buføreveggar, og har motteke offentlege tilskot til dette arbeidet. Satsing på å utvikla kulturlandskapet har vore ei viktig satsing frå statlege styresmakter og dette meiner vi å ha fylgt opp i høve til å ta vare på kulturminna og leggje til rette for at ålmenta og turistar skal få oppleva dette området. Ei vidare utvikling av dette vil bli umogeleg med dei planane som no ligg føre. Det vil vera stikk i strid med ein berekraftig bruk av naturen og turistar kjem ikkje hit for å sjå høgspenlinjer. Inngrepet er irreversibelt og vil vera eit arr og sår i landskapet i for all framtid.

Med alle lovverka og planar for miljø kunne ein ha forventat at ein tok reelle miljøomsyn som er framtidretta og som spelar på lag med lokalbefolkninga.

Eg meiner at alternativet med sjøkabel er det beste fordi det i størst grad vernar om den unike natur- og kulturarven som er i området og er soleis det mest miljøvenlege alternativet.

Som herada i Hardanger, oppmodar eg regjeringa om å endre syn i saka og leggja sjøkabel på strekninga Sima – Samnanger.

Dersom regjeringa i motstrid til lokal opinion står fast på vald trasé, må justering av traséval for lineframføring lenger nord eller kabling bli vurdert i dette området.

I Ot.prp.nr 62 (2008 -2009) Om lov om endringar i energiloven blir det sagt: Kabling skal også alltid vurderast når nye kraftleidningar i sentralnettet skal byggjast. Det er mest aktuelt på avgrensa strekningar med betydelege verneinteresser eller store estetiske ulemper, også på strekningar der det gir særlege miljøgevinstar både på 300kV og 420kV.

Ein er merksam på at *det* også er eit vesentleg naturinngrep.

Hallstatt hadde salt som heile Europa ville ha og vi har vatn som heile Noreg og off-shore nyter godt av i form av elektrisitet. Pr. i dag herskar det ei fundamental usemje om korleis vi skal transportera han på ein mest miljøvenleg måte.

Ut frå det som er sagt, er det viktig å understreka at dette området sin kulturarv ikkje berre er av regional verdi, men må sjåast i eit nasjonalt og internasjonalt perspektiv.

Det ligg i korta at det kan kome til "nye sverdslag" i dette området når ein står overfor denne type trugsmål mot kulturarven.

Vi kjem ikkje utanom diktaren Olav H. Hauge som trødde sine barnesko i dette området, og som også vandra her i vaksen alder. I eitt av dikta sine seier han noko om essensen i dette landskapet.

#### **I NATT HAR GRASET VORTE GRØNT**

I natt har graset vorte grønt.  
Ein fugl freistar å syngja,  
skodda ris,  
og soli kjem yver snøfjelli.  
Frå morgonar for lenge sidan  
slær gleda veikt på sitt koparskjold.

(Olav H. Hauge)

Med helsing



Espen Eide

Adresse:

Tunagarden

Syse

5730 Ulvik

Kopi:

Fylkeskonservatoren i Hordaland

Riksantikvaren

MOW (The Memory of the World Register) komiteen Norge v/Arne Skivenes

Norsk namnelag v/ Olav Veka